



Lindås kommunestyre  
v/ rådmann

Knarvik, 19.september 2014

## Lindås kyrkjelege fellestråd - Søknað om driftstilskot frå Lindås kommune for budsjettåret 2015

### Heimel for Lindås kommune sine forpliktingar overfor Lindås kyrkjelege fellestråd

Denne finn ein i Kyrkjelova (KL) §15, som slår fast:

«Kommunen utreder følgende utgifter etter budsjettforslag fra kirkelig fellestråd:

1. Utgifter til bygging, drift og vedlikehold av kirker,
2. utgifter til anlegg og drift av gravplasser,
3. utgifter til stillinger for kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og til daglig leder av fellestrådet
4. driftsutgifter til kirkelig fellestråd og menighetsråd, herunder utgifter til administrasjon og kontorhold,
5. utgifter til lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring,
6. utgifter til kontorhold for prester

Fellestrådets budsjettforslag skal også omfatte utgifter til kirkelig undervisning, diakoni, kirkemusikk og andre tiltak i soknene.

Utgiftsdekningen skal gi grunnlag for at det i soknene kan holdes de gudstjenester biskopen forordner, at nødvendige kirkelige tjenester kan ytes, at arbeidsforholdene for de kirkelige tilsatte er tilfredstillende og at menighetsråd og fellestråd har tilstrekkelig administrativ hjelp. (...)»

## Samandrag – Lkf sitt vedtak av 16. september 2014

LKF-SAK 56/14

1. LKF vedtek følgjande budsjetttrammer for driftsbudsjettet 2015: (Alle tal i heile tusen)
  - Lønsskapitlet (for alle ansvar) NOK 9 910
  - Administrasjon NOK 1 420
  - Bygg og anlegg NOK 1 295
  - Kyrkjelydsarbeid NOK 135
  - Avgifter gravplassar NOK -250
  - Stipulert sjukepengerefusjon NOK -100
  - Tilskot trusopplæring NOK -1 000
2. LKF søker Lindås kommune om eit driftstilskot på NOK 11.410.000 for 2015 inklusive ekstra driftstilskot på NOK 500.000 knytt til Knarvik kyrkje. (jfr. økonomiplanen) Dette utgjer ei auke i tilskotet på 1,96% i høve til 2014.
3. I budsjettframlegget har LKF
  - a. Lagt inn føresetnader om lønsauke med 4%
  - b. Auka budsjettet for husleige med NOK 110.000
4. I samband med Knarvik kyrkje (dei 500.000) har Lkf
  - a. Auka budsjettet for kjøp av energi med NOK120.000
  - b. Auka budsjettet for kjøp av tenester i samband med drift av Knarvik kyrkje NOK 300.000
  - c. Auka budsjett for forsikringar med NOK 100.000
5. I samband med investeringsbudsjett for 2015 vil Lkf peike på:
  - a. Trong for auke av årleg tilskot til opparbeiding / vedlikehald / utskifting knytt til 9 kyrkjebygg og 13 gravplassar frå dagens løyving på NOK 400.000 (eks.mva) til NOK 1. mill eks.mva (dvs at Lkf får behalde mva-refusjonen. )
  - b. ønskje om å kunne gå i gang med ferdiggjering av underetasjen i Knarvik kyrkje; totalt ca 6. mill.

### Om Lønssbudsjettet 2015

Lindås kyrkjelege fellesråd (Lkf) har i budsjettoppsettet for 2015 ein samla stab på 14,52 årsverk. Dette er uforandra frå 2014. Samla kostnad til løn, vikarar og ekstrahjelp, kjøp av tenester frå m.a. Lindås kommune og andre sjølvstendige næringsdrivande, feriepengar,

pensjonstrekk og arbeidsgjevaravgift i fellesrådet sitt budsjettframlegg for 2015 er på NOK 9.91 mill. Her budsjetterer Lkf med eit tilskot frå kyrkjerådet til trusopplæring på NOK 1.mill, samt stipulert sjukepengerefusjon på NOK 100.000.

Vi vil kort peike på at Lkf er i ein krevjande situasjon når det gjeld stillingsstruktur og tal på stillingar, ettersom det i praksis ikkje er organisasjonen sjølv, men biskopen og andre tilhøve som fellesrådet ikkje har full råderett over (mellom anna soknestruktur og talet på kyrkjer), som fastset vesentlege deler av aktivitetsnivået, jfr. KL §15 (sjå i starten av dette brevet.).

Lkf legg ikkje opp til auke av talet på tilsette, men særleg den delen av fellesrådet sitt ansvarsområde som dekkjer bygg og anlegg (kyrkjebygg og gravplassar) vert løyst t.d. med innleigd kompetanse, og her ser ein føre seg ei lita auke, m.a. i samband med den nye kyrkja i Knarvik. Dette bygget har tekniske løysingar som fører med seg heilt nye faglege utfordringar som fellesrådet so langt ikkje har i organisasjonen, og fellesrådet er i forhandlingar med Lindås kommune om kjøp av vaktmestartenester til denne.

Kyrkjeverja viser til punkta 3a) og 4b) i fellesrådet sitt vedtak.

### **Administrasjon**

I løpet av 2014 har det kome fram at Lindås kyrkjelege fellesråd har for få kontor i høve til dei som fellesrådet har slikt ansvar for. Det er her viktig å vere klar over at dette ikkje berre gjeld fellesrådet sine eigne tilsette, med og dei prestane som har tenestestad i kommunen. I 2013 og 2014 har her skjedd to endringar som har påverka denne situasjonen. For det første fekk fellesråda i Nordhordland statlege trusopplæringsmidlar i 2013. Ein føresetnad her var at det meste av desse skulle nyttast til stillingar. I Lindås resulterte dette i tre deltids-stillingar som treng kontor-arbeidsplass. Dernest har også preste-lina i kyrkja endra karakter. Prosten har fått ein tydelegare rolle som arbeidsgjevar, men og auka ansvar for oppgåver i organisasjonen som tidlegare låg på bispedømet sentralt. Nordhordland prosti har fått m.a. ein prostiprest som skal ha kontor i Lindås, og ein har også ein situasjon i Ostereidet som fører med seg ekstra prest med trong for kontor.

Lkf har initiert eit arbeide med grundig vurdering av dagens kontorstruktur sett opp mot samla økonomi og organisasjonen sine øvrige behov. Dette vil kunne gje resultat i løpet av 2015, men akkurat no er fellesrådet i ein situasjon der ein må løyse ein utfordring utan å ha tid til å utgreie og evt gjennomføre strukturelle endringar først.

Ein har og i 2014 starta arbeid med betra IKT-struktur mellom dei ulike kontora som fellesrådet har i Lindås. Dette vil bli vidareført i 2015. So langt ser ein at dette også heng saman med dagens kontorløysingar, ettersom framlegg av td. fiber-optiske kablar av ein slik kvalitet at ein kan får IKT-nh til å drifte ein heilheitleg løysing blir svært kostbar til nokre av dei kontora som fellesrådet har i dag.

Kyrkjeverja viser til punkt 3b) i fellesrådet sitt vedtak.

Knarvik kyrkje vil føre med seg auka kostnader på fleire punkt, rimelegvis. Fellesrådet har i sitt vedtak peikt på to punkt; elektrisk energi og forsikring. Desse tala er omtrentlege; kyrkja skal varmast opp av varmt vann som hentar delar av energien frå ein luft-til vann varmpumpe. Styringsystema i kyrkja gjer det mogeleg å heve og senke temperaturen etter plan, men korleis dette vil slå ut kostnadmessig må ein gjere erfaringar på. På same viset er kyrkja fullsprinkla, og ein har også ein del andre sikringstiltak som vil slå positivt ut på forsikringspremien, men ein har førebels ikkje fått noko konkret varsel om storleiken på denne.

Kyrkjeverja viser til punkt 4a) og 4c) i fellesrådet sitt vedtak.

### **Bygg og anlegg**

Denne posten har ei underdeling i FDV og Anlegg /drift gravplassar. Lindås kyrkjelege fellesråd vil i 2015 ha ansvar for 10 kyrkjer og 13 gravplassar. FDV-delen inneheld forsikring og kjøp av energi i tillegg til inngåtte service-avtalar. Utgifter under drift gravplasser er drift av maskiner og utstyr. Her er aktiviteten aukande. Posten er uforandra frå i fjor.

### **Kyrkjelydsarbeide**

Denne posten vert lagt på same nivå som i fjor.

**Lindås kyrkjelege fellesråd søker Lindås kommune om eit driftstilskot på NOK 11.410.000 for 2015.**

For Lindås kyrkjelege fellesråd



Torgeir Paulsen  
Kyrkjeverje

